

## **Kunngjering: Utlysning av støtte til organisasjoner – kap. 1138 post 70**

Landbruks- og matdepartementet forvaltar ei tilskotsordning der målet er å støtte organisasjonar som arbeider innanfor landbruks- og matpolitiske satsingsområde. Tilskotet skal medverke til å halde oppe aktiviteten i organisasjonane og på denne måten medverke til eit levande og aktivt organisasjonsliv lokalt, regionalt og sentralt. Støtte blir gitt til organisasjonar innan landbruks- og matområdet som:

- fremmer klima- og miljøarbeid, næringsutvikling og forbrukarinteresser
- fremmer forståing og positive haldningar til grønne verdiar hos ungdom spesielt og allmennheita generelt
- arbeider med likestillingsspørsmål

Departementet støttar berre sentrale/nasjonale organisasjonar, slik at underavdelingar, distriktsavdelingar og liknande må søke gjennom sin sentrale organisasjon.

Sjå også Landbruks- og matdepartementet sin [Prop. 1 S \(2009-2010\)](#) for å lese om tidlegare tildelingar.

**Søknadsfristen for grunnstøtte frå statsbudsjettet sitt kap. 1138 post 70 for 2011 er 1. juni 2010.**

Forslag til fordeling av midlar for 2011 vil gå fram av Landbruks- og matdepartementet sin budsjettproposisjon for 2010-2011. Endeleg fordeling av midlar blir gjort av Stortinget ved behandling av budsjettet.

Følgjande skal leggjast ved søknaden:

- årsmelding / beretning for 2009
- godkjent rekneskap for 2009
- budsjett for 2011 som synleggjer inntekter og utgifter
- kontingentinntekter og eventuelle tilskot / refusjonar / inntekter frå andre institusjonar / departement skal spesifiserast både i rekneskap og budsjett.

Organisasjonar som allereie har sendt inn årsmelding og godkjent rekneskap i forbindelse med at dei tidligare har fått støtte over denne posten treng ikkje sende inn dette på nytt.

Søknad sendast til:

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo